

MØTEBOK 10.04.2025

Tidspunkt: Onsdag 10.04.2025 – kl 18:00

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Nils Vetle Medhus, Anna Seim, Anita Rabba og Andre Botnen

Forfall: Ingen

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Saker til styremøte:

Sak 15/25: Meldingssaker

Sak 16/25: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 17/25: Utleige av Ståvassvikja på åremålskontrakt

Sak 18/25: Reinsjakt 2025

Sak 19/25: Søknad om samjakt frå HA290

Sak 20/25: Regulere pris – fellesfiskekortet

Sak 21/25: Jegerprøvekurs

Sak 22/25: Elg- og hjortejakt 2025

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/


Anna Seim/s/

Nils Vetle Medhus/s/

Anita Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no




Sak 15/25: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2025.02.10-612.1-H. Rabbe-Søknad om samjakt Røldal Fjellstyre 2025
2025.02.12-613.0-Røldal fjellstyre-Avtale om opplæringsjakt 22-23.2 for S.V.Berland
2025.02.14-612.3-Villreinutvalet- Anbefalinger om kiting Hardangervidda
2025.02.19-612.1-SRV villreinutval-Avskyttningsplan_SRV_2025
2025.03.02-046.1-Røldal fjellstyre-Årsmelding 2024
2025.02.25-612.3-Villreinutvalet-Innkalling og sakspapirer til årsmøte villreinutvalet 28 mars
2025.02.27-145.4-Røldal fjellstyre-Søknad Grunneigarfondet - fiskekultiverings tiltak
2025.02.27-652.1 Røldal fjellstyre-Fiskeutsetting i Holmavatnet
2025.03.04-046.1-Øvre Numedal fjellstyre-Møtebok 18.02.2025
2025.03.04-046.1-Øvre Numedal fjellstyre-Årsmelding 2024
2025.03.05-012.1.2 Røldal fjellstyre - Møtebok 19.02.2025
2025.03.06-612.1-Røldal fjellstyre-Uttale til avskyttningsplan Setesdal Ryfylke villreinutval 2025
2025.03.06-612.3-Røldal fjellstyre - Høringsuttale kvoteforslag 2025
2025.03.07-612.3-Villreinutvalet-Bekreftelse på motatt høringssvar
2025.03.10-32.-Ullensvang kommune-Varsel om oppstart av detaljereguleringsplan for parkeringsplass Valldalen
2025.03.10-612.3-Villreinutvalet-Rettet invitasjon vårmøte Hardangervidda
2025.03.10-173.-Skatteetaten-Aksjeoppgave 2024
2025.03.12-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad på Tilskot til tiltak for innlandsfisk
2025.03.12-145.9-Vestland fylkeskommune-Automatisk kvittering på innsendt søknad
2025.03.13-145.9-THHT-Angaåde søknad om støtte til viltfondet
2025.03.15-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad Røldal fiskefond
2025.03.15-612.3-Røldal fjellstyre-Innspel til Villreinutvalet frå Røldal fjellstyre
2025.03.18-011.9.-Eidfjord fjellstyre-Endring av prisar på jakt fiske og hyttebruk
2025.03.21-652.4-Ullensvang kommune-Invitasjon til kurs i innlandsfiske 14-15.6.2025
2025.03.24-012.1.2.-Eidfjord fjellstyre-Møtebok 05.03.2025
2025.03.24-035.2.-Røldal fjellstyre-Vedr. leige av Midtfjellsvodlen
2025.03.26-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad LYSE - Kraftspirer - jegerprøvekurs
2025.03.27-123. Røldal fjellstyre-Resultatrapport - 2024
2025.03.27-123.-Røldal fjellstyre-Balanserapport - 2024
2025.03.27-123.-Røldal Fjellstyre-Hovedbok 2024
2025.03.27-123.-Røldal fjellstyre-Årsregnskap 2024
2025.03.28-37.-A.O.Lykkebo-Oppstart av arbeid dam Valldalen
2025.03.31-145.9-Røldal fjellstyre-Tilskotsordning-Friluftshovudstaden - fiskekultivering
2025.03.31-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad til Kraftspirer - fiskekultivering
2025.03.31-642.1-Ullensvang fjellstyre-Prisjustering fellesfiskekortet referat fellesmøte 28.03.2025
2025.04.02-012.1.2-Øvre Numedal fjellstyre-Møtebok 20.03.25
2025.04.02-652.4-Vestland fylkeskommune-Invitasjon til kurs i innlandsfiske 14-15.6.2025
2025.04.02-123-FH-Kvartalsrapport fjellstyra



2025.04.03-011.8.-Statskog-Felles møte for leder av fjellstyrene daglig ledersekretær og Statskog SF for Fjellstyra på Hardangervidda
2025.04.04.612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 1
2025.04.04.612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 2
2025.04.04.612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 3
2025.04.04-612.3-Villreinutvalet-Anbefaling kvote Hardangervidda 2025

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av postlista ved leiar. Det vert gjort nokre mindre endringar.


Vedtak (Sak 15/25):

Fjellstyre godkjenner postlista med dei endringar som framkjem av referatet.

Samrøystes.

Sak 16/25: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

- Det kom tilbakemeldingar om at bakluka til vedommen på Ninive datt ut under fyring. Heldigvis gjekk dette bra. Fjellstyret har vore klar over at dette holdt på å skje, og skulle faktisk utbetre dette no i vinter. I tida frå me oppdaga denne skaden, til dette skjedde, har underteikna også merka seg at omnen har brist/er svekka, der pipa er kobla på omnen. Det er fullisolert pipe heile vegen. Lang historie kort. Me byttar omn og pipe. Forventa kostand ein stad mellom 40 – 50 000 kroner.
- Det er bestilt fiskeyngel frå Telemark Settefisk. Dei leverer fisken ved Ståvatnet den 08.august. Tor Helge har søkt støtte til fiskekultiveringstiltak hjå Vestland fylkeskommune, Ullensvang kommune, Lyse Kraftspirer og Røldal fiskefond.
- I tillegg er det investert ein del i fiskekultiveringsutstyr.
- På vårmøtet (FH) vart det annonsert at Statskog kjem «innom». Kanskje før sommaren. Det er ynskjeleg å få organisert eit møte i fellesskap med Ullensvang i Odda. Det er kom førespurnad om onsdag 04.juni kl.10 i Eidfjord er eit alternativ.

**Framlegg til vedtak:**

- Fjellstyret byttar vedomn og pipe på Ninive, som skissert i saksutgreiinga.
-

Referat:

Gjennomgang av informasjon/hendingar sidan førre møte.

Informasjon som ikkje framkom i innkallinga:

- Tor Helge har i mange år arbeid for å få eit lagerlokale. Det har blitt sett på fleire alternativ. Dei fleste nybygg. Så langt har dette vore ein fiasko utan sidestykke. No er det kome eit nytt alternativ. Ein vil forankre draumen i fjellstyret, før ein arbeidar vidare med dette.
- Vinterarbeid og transport har vore litt trått i år. Fleire årsakar til dette. Vêret har ikkje vore til hjelp. Organiseringa har også vore under ein kvar kritikk i vår. Underteikna skuldar på at det til tider vert litt mange jern i elden. Det ser likevel ut som om me får landa sånn nokolunde der me vil.
- Underteikna, og sjølv sagt alle andre i fjellstyret, ventar i spenning på tiltaksplanane. Dei er venta før sommaren. Dei må me handtere på eit eller anna vis. Underteikna kunne tenkt seg så breitt mandat som råd. Kva tenkjer me om eit allmannamøte?
- Småviltjakta går som i 2024 om ingen har innvendingar mot dette. Sjå møtebok frå august 2025.
- Fjellstyre har fått førespurnad frå Røldal Røde Kors om dei kunne bruka Gamlebua i påsken. Leiar har gitt tilbakemelding om at dette er i orden, og at dei kan bruke hytta gratis.
- Rekneskapen for 2024: Det er ny lay-out på rekneskapen i år. Den skal ikkje signerast av heile styret, men av to stykker. Leiar ynskjer då at det vert gjort vedtak kor det kjem fram kven som skal signera på denne.

Vedtak (Sak 16/25):


Fjellstyret bytar vedomn og pipe på Ninive, som skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyret arbeider vidare med moglege lokasjonar til lager/garasje, samt eventuelle løysningar.

Tor Helge og Nils Vetle signerer rekneskapen for 2024.

Fjellstyre tek orienteringa elles til vitande.

Samrøystes.



Sak17/25: Utleige av Ståvassvikja på åremålskontrakt

Saksdokument:

2025.04.08-035.2-Røldal fjellstyre-Utkast leigekontrakt Ståvassvika

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret har fått stadfesta frå kommunen at noverande fyringsanlegg ikkje oppfyller krava. Hytta har i dag to vedovnar, med kvar si pipe. Ein planlegg no for å fjerne desse, og erstatte dei med ein omn og pipe som tilfredstillar krava. I reine materialkostnadar, har ein til no hatt utgifter på kr 42 863,-. Det er framlagt kvitteringar for dei fleste av desse kjøpa, men noko er kjøpt brukt på finn.no. Det er ikkje rekna med utgifter, eller tid, brukt til planlegging og gjennomføring.

Sakshandsamar meiner at det er av stor verdi for fjellstyret å delegere dette arbeidet til leigetakar, då det avlastar arbeidsmengda til fjellstyret. Dette er også i tråd med formuleringane som er foreslått i leigekontrakten. Fjellstyret kan heller ikkje vere kjent med at ein leigar ut bygningsmasse som ikkje stettar gjeldande lovverk.

Løysinga med å leige ut hytta på åremål er ei midlertidig løysing, som skal syte for at bygningsmassen vert sett etter, og tilfredsstillande vedlikehaldet. Ein minner om at det dei siste 10-20 åra, har vore større utfordringar med sig i grunnen, og påfølgjande skeivheit i hytta. Fjellstyret må vere sikre på at dette har stabilisert seg, før ein tar vidare avgjersle på framtidig bruk av husa.

Framtidig leigetakar overtok nøklane til hytta i 2024. Det er ikkje inngått noko leigeavtale. Underteikna foreslår at fjellstyret dekkjer 28 805 kr av dei påløpte utgiftene, medan leigetakar dekkjer kr 14 058,-. Leigetakar skal i så tilfelle ikkje betale leige for hytta i perioden fram til eldstaden er sett i stand. Leigekontrakten tek då til 01.april 2026, og utløper utan oppseiing 31.mars 2029.

Ein må fastsetje kva det årlege leigebeløpet vert. Ein visar til utkast til leigeavtale i sin heilheit. Leiar ber om fullmakt til å framforhandle ein åremålskontrakt innanfor dei rammene gjeve av fjellstyret i denne saka.


Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre dekkjer kr 28 805 av kostnadane til ny omn og pipe. Leigetakar dekkjer kr 14 058. Leigetakar betalar ikkje leige får stølen før 01. april 2026.
- Røldal fjellstyre tilbyr Nils Ove Hauge åremålskontrakt på Ståvassvikja f.o.m. 01.april 2026 til og med 31.mars 2029.
- Leigetakar betaler eit årleg leigebeløp på kr xxxxx.
- Leiar får fullmakt til å framforhandle, og inngå, ein leigekontrakt innanfor desse rammene.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga og framlagt utkast til leigekontrakten ved leiar.

Diskusjon rundt innhaldet i framlagt utkast til leigekontrakt.

**Vedtak (Sak 17/25):**

- Røldal fjellstyre dekkjer kr 28 805 av kostnadane til ny omn og pipe. Leigetakar dekkjer kr 14 058. Leigetakar betalar ikkje leige for stølen før 01. april 2026.
- Røldal fjellstyre tilbyr Nils Ove Hauge åremålskontrakt på Ståvassvikja f.o.m. 01.april 2026 til og med 31.mars 2029.
- Leiar skal forslå eit årleg leigebeløp på kr 15 000.
- Leiar får fullmakt til å framforhandle, og inngå, ein leigekontrakt innanfor desse rammene.

Samrøystes.

Sak 18/25: Reinsjakt 2025**Saksdokument:**

2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Oppfordring fredningssoner Hardangervidda

Saksutgreiing (THHT):**Hardangervidda:**


Kvoten for 2025 er enno ikkje sett, men innstillinga til villreinutvalet er at kvota, og organiseringa, vert 2500 bukk, 250 frie dyr og 250 kalvar.

Om dette vert tilfellet, får fjellstyret tildelt om lag 102 bukk, 10 frie dyr og 10 kalvar.

Kvoten har fordelt seg slik dei siste åra (totaltkvote og Røldal SA):

Jaktår	kalver		simle/ungdyr		Valgfrie dyr		Tildelte totalt	
2008	455	19	588	28	381	16	1520	63
2009	454	19	681	28	384	16	1523	63
2010	5	0	15	0	2000	83	2024	83
2011	1507	62	2694	114	731	31	5020	207
2012	1807	74	3310	137	903	37	6020	248
2013	1760	72	3510	144	1755	72	7025	288
2014	910	37	6755	278	1360	56	9025	371
2015	1205	50	5610	230	1205	49	8020	329
2016	6807	280	6805	280	1203	49	14815	609
2017	3907	160	3908	160	2105	86	9920	406
2018	234	9	232	9	1056	43	1522	61
2019	0	0	0	0	6035	247	6035	247
2020	0	0	0	0	4964	206	4984	206
2021	8000	329	0	0	8000	329	8000	329
2022	7000	288	0	0	7000	288	7000	288
2023	0	0	0	0	5000*	165	5000	165
2024	0	0	0	0	3500*	144	3500	144

*Berre vaksen bukk



Som ein ser av tabellen under, vil årets kvote kunne bety ein god del mindre fellingsløyver, likevel slik at det skal vere nok kort til alle våre innanbygdsjegarar. Litt statistikk for å underbyggje påstanden:

- 2024: 62 innanbygdsjegarar – tok ut 95 kort
- 2023: 70 innanbygdsjegarar – tok ut 108 kort
- 2022: 59 innanbygdsjegarar
- 2021: 48 innanbygdsjegarar
- 2020: 64 innanbygdsjegarar

Som ein ser av søknadstala over, er det vanskeleg å gjette på kor mange innanbygdsjegerar det vert. Ein må merke seg at det i 2023 og 2024 var lov å ta ut eit fritt antal fellingsløyver. Ein bør difor kunne anta at jegarane desse tala visar kor stor etterspurnad det er for reinsløyver i Røldal.

Ein vert oppmoda til å dele ut fritt-dyr-kort til fyrstegangsjegarar o.l.. Underteikna meiner at ein bør vurdere å dele desse fellingsløyva ut til jegarar under 25 år, og som ikkje har felt reinsdyr tidlegare. Ein må diskutere om ein skal dele ut eit kalveløyve i lag med fritt-dyr-løyvet.

Dei siste åra har me hatt følgjande aldersfordeling på innanbygdsjegarane:

- 2024: 6 stykk under 20, 12 mellom 20-30
- 2023: 5 stykk under 20, 13 mellom 20-30
- 2022: 6 stykk under 20, 16 mellom 20-30
- 2021: 8 stykk under 20, 13 mellom 20-30


Ut frå historiske dataa, så kan me altså rekne med at me har om lag 10 jegerar under 25, som ikkje har felt dyr før. Det bør altså vere nok fritt-dyr-løyver til desse jegarane.

Fordelar ein dei resterande fellingsløyva på innanbygdsjegarane, så kan ein forvente eit behov på mellom 75-90 fellingsløyver.

Det er soleis eit teoretisk overskot på fellingsløyver. Ut frå dette, bør fjellstyret opne for å selje eit lite tal fellingsløyver til utanbygdsjegarar. Underteikna føreslår difor at me opnar for at utanbygds kan søkje f.o.m. 11. april t.o.m. 30. april 2025.

Røldal FS har dei siste åra gått vekk frå Inatur, men behaldt søknadsfristen i månadsiftet april/mai. Underteikna har ikkje mottatt negative tilbakemeldingar på dette. Tor Helge merka ein markant nedgang på arbeidet med å selje jaktkorta når ein ikkje nyttar Inatur. Skal Tor Helge ha noko med salet er å gjere, er det (med bakgrunn i dette) eit ufråvikeleg krav at fellingsløyva skal seljast på same måte som i fjor – søknad via mail, med frist seinast 01. mai. Skal ein halde fram med denne datoen, må søknadsfristen avgjerast på dette møtet. Kortutdelinga på Røldalsmarknaden har fungerte sær bra, og bidrar til å redusere arbeidsmengda ytterlegare. Det er likevel slik at dette er sær tidkrevjande arbeid, og ein bør difor delegere dette arbeidet til ein person, som då igjen får kompensert for dette. I 2024 var kompensasjonen for dette kr 11 000.

Sidan det framleis er usikkert med tanke på kvotestorleik og kortfordeling vil sakshandsamar tilrå at ein tildelar fellingsløyva på same måte som i fjor; avhengig av tal på tilgjengelege fellingsløyver, så sel ein anten 1 eller 2 løyver til kvar jeger. Fjellstyret set makstak på jegerar som kan jakte på Røldal SA, for så å dele ut flest mogleg kort til desse jegerane. Underteikna føreslår at ein ikkje skal dele ut meir enn to fellingsløyver per jeger, og heller tilby fleire løyver i etterkant til ein rimeleg sum.



Dei siste åra har fjellstyret redusert prisen på fellingsløyver ganske betydeleg. Tanken bak dette har vore at reinsjakt på Hardangervidda per i dag ikkje er eit særst attraktivt produkt å selje. Ein fryktar at ein vil miste mange lokale jegarar, om ein prisar korta ut frå det markedet (les: utanbygdsjegarar) kunne vore villige å betale.

Underteikna meiner at fjellstyret vil ha mislukkas om ein skremmer vekk innanbygdsjegarane. Truleg er spesielt rekrutteringa i ein særst sårbar situasjon.

Eit anna viktig perspektiv, i den pågåande CWD-situasjonen, er at innanbygdsjegarane utvilsamt feller eit betydeleg tal fleire dyr, enn det eit tilsvarande tal innanbygdsjegarar vil gjere.

Fjellstyret selde i 2024 fellingsløyver til 62 innanbygdsjegerar, 25 utanbygdsjegerar og 11 overgangsavtalar. Dynamikken i jakta var forskjellig frå kva den har vore tidlegare år. Ein opplevde fleire utanbygdsjegarar i området kor det vanlegvis ikkje er mange av dei. Det kom difor tilbakemeldingar som kan tolkast dit hen at det var i overkant mange jegarar i heimfjella i år. Det spesielle er at det i år også kom tilbakemeldingar om at ein hadde fleire utanbygdsjegarar som leita etter dyr, og oppsøkte desse, i løpet av sommaren. Dette er særst uynskt åtferd. Skal ein spekulere i årsaka, verkar det som om sosiale medier no også byrjar å gjere seg sterkt gjeldande i reinsjakta.

Underteikna er usikker på kva, eller om, fjellstyret skal gjere grep mot dette. For situasjonen i 2025, kan ein anta at talet på utanbygdsjegarar vert betydeleg redusert, og på den måten naturleg redusere problemet. På tross av dette, vert det foreslått å redusere talet på jegarar i framlegget til vedtak.

Setesdal/Ryfylke:


Ein innførte i 2021 eit poengsystem for jakta på SR. Det innebar at den som søker får 1 poeng for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null når dei har fått kort. Over tid vil dette sikre at alle som søker jakt får jakte. Fjellstyret har ikkje fått nokon negative tilbakemeldingar på denne ordninga.

Det er signalisert at kvoten for 2025 vert tilsvarande som i 2024. Ein fekk då tildelt 3 kalvar, 2 simler og 3 frie dyr på Røldal statsallmenning. På Breifonn statsallmenning fekk fjellstyret tildelt 1 fritt dyr. Mest truleg vil difor fjellstyret få tildelt 9 løyver også i 2025. Av desse må ein forvente at det er 3- 4 fritt dyr løyver.

I 2024 vart det ikkje felt dyr på syd. Med bakgrunn i dette, meiner underteikna at det vil vere fornuftig å halde på praksisen ein har hatt dei siste åra. Ein opnar for så mange jegarar som ein får tildelt fritt dyr løyver. Dei resterande løyva deler ein på desse jegarane.

Prisar på kortpakker:

Underteikna ynskjer at fjellstyret skal behalde den låge prisrammene for fellingsløyva på Hardangervidda – jegerane utfører no eit viktig arbeid, og bør påskjønast for dette. «Produktet» me sel må òg seiast å vere dårleg.



- Fellingsløyva vart i fjor selde for kr 1500 for fyrste bukken, og 800 kroner for ytterleggare fellingsløyver.
- Fyrstegongsjegerar får gratis fellingsløyver.
- Ungdom, over 18 år, men under 20 år, betaler kr 800 per fellingsløyve.

Alle kortpakkane på syd inkluderte i fjor 1 bukk, og hadde difor alle same pris – kr 2000.

- Basert på færre dyr, og færre fellingar dei siste åra, har fellingsløyva på syd òg mista noko av «attraktiviteten» sin. Sakshandsamar foreslår difor å halde denne prisen uendra.

Desse prisane var omtrent like i 2023 også. Ein bør vurdere om ein skal indeksregulere prisane. Ein snakkar no også om nokre få fellingsløyver på frie dyr og kalv på Hardangervidda. Desse må i tilfelle sjølv sagt også få ein pris.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret kompenserer xxxx med kr 11.000 for arbeidet med sal og retur av reinskort i 2025.

Ein vidarefører dei generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning:

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (Ullensvang SR84 (Røldal Statsallmenning) + Ullensvang SR85 (Breifonn SA)) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:


Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.

For 2025 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Det kan seljast kort til om lag 90 jegerar på Røldal SA i 2024.
3. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan seljast til inntil 10 utanbygdsøkerar. Utanbygdsbuande jegerar søker på mail direkte til fjellstyret. Tildeling elles som for innanbygds. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med søknadsfrist 30. april.
4. Jakttida er f.o.m 20. august kl. 0700 tom 21. september kl 1900. Det er nattetfredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret ikkje følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet ikkje følgje dette.



5. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
6. Fyrstegongsjegerar får tilbod om gratis fellingsløyve (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i sak 44/20). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Det er alderen ved jaktstart som avgjer kva kategori jegerane havnar i.
7. Studentar/ungdom får tilbod om å kjøpe eit bukkkort til halv pris (kr 900) – og kort nr. 2 til same pris (kr 900).
8. Etter jaktstart får leiar fullmakt til å fordele eventuelle ekstraløyver. Ekstraløyva skal fordelast etter «fyrstemann-til-mølla»-prinsippet til jegerar som har «brukt opp» sine løyver. Leiar får fullmakt til vidaresal av fellingsløyver som vert returnert etter jaktstart.
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.
10. Det vert laga pakkar med fellingsløyver på 1 fritt dyr + 1 kalv. Desse pakkane vert prioriterte til fyrstegongsjegerar (1.prioritet), og ungdom under 25 år som ikkje tidlegare har felt reinsdyr (2.prioritet). Ein avgjer tildelinga ved trekning om naudsynt.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds – fyrste bukkeløyve:	1800,-
Innanbygds – ekstra bukkeløyve:	900,-
Bukkeløyver: Studentar/Ungdom mellom 18-20 år:	900,-
Innanbygds – fritt dyr pakke:	2600,-
Fritt-dyr-pakke: Studentar/Ungdom mellom 18-20 år:	1300,-

Utanbygds: Dobbelt pris.


- Fjellstyret kjøper inn 60 eksemplar av villreinen. Desse vert primært delt ut til dei som hentar fellingsløyva på kortutdelinga.
- For å dekkje inn utgifter/meirarbeid tar ei avgift på 250 kr frå dei som treng fellingsløyver + CWD-sett tilsendt i posten.
- For å stimulere til høgare fellingstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver (jf. punkt 7).
- Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.
- Vidaresal av returnerte fellingsløyver skal ha ein minimumspris på kr 800.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort (innan jaktstart) misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast). Det er ikkje tillate å overføre kort til anna jeger dei fyrste 14 dagane av jakta.

Fyrstegongssøkjjarar på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antal poeng på lista.

**Jaktreglar**

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåtrefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar med 1 vaksen bukk – kr 2200

Fellingsløyver på simle og kalv vert fordelt etter trekningslista. Leiar har fullmakt.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Diskusjon rundt fordelinga av løyve mellom innanbygdsjeger og utanbygdsjegerar. Gjennomgang av framlegg til vedtak ved leiar.

Fjellstyre diskuterte kven som skulle ta arbeidet med kortsalget. Tor Helge Haara Tjemsland melder seg inhabil på dette punktet, og deltek ikkje i diskusjonen. Einigheit blant fjellstyre om at Tor Helge har god erfaring med dette arbeidet frå før, og det var semje om å kompensere med 15.000 kr for dette arbeidet.

Gjennomgang av jaktreglar og ordningar ved leiar.

Fjellstyre var einige i dei framlagte ordningane og jaktreglane.

Diskusjon rundt fordelinga av kalve og fritt dyr løyve. Einigheit i det framlagte forslaget til ordningar for desse korta. Fjellstyre ynskjer å legge til rette for at unge jegerar skal få beste forutsetningar for å få felt dyr, for å kunne bidra til rekruttering.


Framlagte pris-forslag vart diskutert. Fjellstyre støttar det framlagte pris-forslaget.

Vidare ordningar vart diskutert.

Forslag om å endre pris for vidaresal av returnerte fellingsløver frå 800 kr til 900 kr, med bakgrunn i prisauken for fellingsløyva. Fjellstyre var samde om dette.

Vedtak (Sak 18/25):

Fjellstyret kompenserer Tor Helge Haara Tjemsland med 15.000 kr for arbeidet med sal og retur av reinskort i 2025.



Fjellstyre vidarefører dei generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning:

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (Ullensvang SR84 (Røldal Statsallmenning) + Ullensvang SR85 (Breifonn SA)) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.


For 2025 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Det kan seljast kort til om lag 90 jegerar på Røldal SA i 2025.
3. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan seljast til inntil 10 utanbygdsøkerar. Utanbygdsbuande jegerar søkjer på mail direkte til fjellstyret. Tildeling elles som for innanbygds. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med søknadsfrist 30. april.
4. Jakttida er f.o.m 20. august kl. 0700 tom 21. september kl 1900. Det er nattefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret ikkje følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet ikkje følgje dette.
5. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
6. Fyrstegongsjegerar får tilbod om gratis fellingsløyve (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i sak 44/20). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Det er alderen ved jaktstart som avgjer kva kategori jegerane havnar i.
7. Studentar/ungdom får tilbod om å kjøpe eit bukkekort til halv pris (kr 900) – og kort nr. 2 til same pris (kr 900).
8. Etter jaktstart får leiar fullmakt til å fordele eventuelle ekstraløyver. Ekstraløyva skal fordelast etter «fyrstemann-til-mølla»-prinsippet til jegerar som har «brukt opp» sine løyver. Leiar får fullmakt til vidaresal av fellingsløyver som vert returnert etter jaktstart.
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.
10. Det vert laga pakkar med fellingsløyver på 1 fritt dyr + 1 kalv. Desse pakkane vert prioriterte til fyrstegongsjegarar (1.prioritet), og ungdom under 25 år som ikkje tidlegare har felt reinsdyr (2.prioritet). Ein avgjer tildelinga ved trekning om naudsynt.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds – fyrste bukkeløyve:

1800,-



Innanbygds – ekstra bukkeløyve:	900,-
Bukkeløyver: Studentar/Ungdom mellom 18-20 år:	900,-
Innanbygds – fritt dyr pakke:	2600,-
Fritt-dyr-pakke: Studentar/Ungdom mellom 18-20 år:	1300,-

Utanbygds: Dobbel pris.

- Fjellstyret kjøper inn 60 eksemplar av villreinen. Desse vert primært delt ut til dei som hentar fellingsløyva på kortutdelinga.
- For å dekkje inn utgifter/meirarbeid tar ei avgift på 250 kr frå dei som treng fellingsløyver + CWD-sett tilsendt i posten.
- For å stimulere til høgare fellingstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver (jf. punkt 7).
- Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.
- Videresal av returnerte fellingsløyver skal ha ein minimumspris på kr 900.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort (innan jaktstart) misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast). Det er ikkje tillate å overføre kort til anna jeger dei fyrste 14 dagane av jakta.

Fyrstegongssøkjere på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antal poeng på lista.

Jaktreglar


Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar med 1 vaksen bukk – kr 2200

Fellingsløyver på simle og kalv vert fordelt etter trekningslista. Leiar har fullmakt.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

Samrøystes.



Sak 19/25: Søknad om samjakt frå HA290

Saksdokument:

- 2025.02.10-612.1-HA290-Søknad om samjakt Røldal Fjellstyre 2025
- 2025.04.04 -612.1-Røldal fjellstyre- Utkast Samjaktavtale med HA290

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre har hatt samjaktavtale med HA290 i fleire år. Underteikna vurderer dette til å ha vore eit godt samarbeid i si funksjonstid. I all hovudsak er samjaktområdet rundt Vivassdalen og Middalen. Underteikna vurderer det slik at det ikkje har vore nokon negative tilbakemeldingar på jaktutøvinga som (direkte) kan sporast tilbake til samjaktavtalen. Sakshandsamar meiner difor at ein skal gå inn for å vidareføre avtalen også i 2025.

Den førre samjaktavtalen er «bygd opp» slik at den i år med mange fellingsløyver, vil vere betre for HA290. I år med mindre fellingsløyver, vil den vere betydeleg betre for Røldal fjellstyre. Sakshandsamar meiner ein bør halde på dette prinsippet også i ei eventuell forlenging av avtalen. Det som har endra seg sidan 2020, er bestandsstorleiken, samansetninga av bestanden, og framtidsutsiktene til villreinstamma på Hardangervidda. Det verkar urealistisk at ein skal kome i ein situasjon der ein går inn for freding av dei attverande dyra. Det er likevel slik at årets kvoteforslag betyr ein god del mindre fellingsløyver i omløp.

Visar då til vedlagt utkast til samjaktavtale i sin heilheit.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Anita melder seg innhabil i saka og deltek ikkje i diskusjonen.


Gjennomgang av saksutgreiing ved leiar.

Einigheit om at leiar skal få fullmakt til inngå samjaktavtale med HA290, med mindre justeringar.

Vedtak (Sak 19/25):

Leiar får fullmakt til å inngå samjaktavtale med HA290, med mindre justeringar.

Samrøystes.



Sak 20/25: Regulere pris – fellesfiskekortet

Saksdokument:

2025.03.31-642.1-Ullensvang fjellstyre-Prisjustering fellesfiskekortet referat fellesmøte 28.03.2025

Saksutgreiing (EVD):

Fredag 28.03.2025 vart det gjennomført eit fellesmøte for fjellstyra som er del i Fellesfiskekortet på Hardangervidda vest. Bakgrunnen for møte var å diskutere prisjustering på fellesfiskekortet.

I 2025 vart det vedteke nye prisrammer for jakt og fiske i statsallmenningane, jf «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

Fellesfiskekortet for Hardangervidda vest omfattar fjellstyra Ullensvang, Røldal, Eidfjord og Ulvik. Den administrative behandlinga og fordelinga av fiskekortet ligg hjå undertekna.

Dette er eit svært populært fiskekort, som årleg gir ekstra inntekter til fjellstyrene. Under er tabell som visar salget og fordelinga dei siste åra:

Fjellstyre	År		
	2022	2023	2024
Eidfjord	kr 107 044,00	kr 96 046,00	kr 72 656,00
Ullensvang	kr 54 084,00	kr 58 412,00	kr 80 467,00
Røldal	kr 17 190,00	kr 14 410,00	kr 17 508,00
Ulvik	kr 9 454,00	kr 13 831,00	kr 15 217,00
Totalt:	kr 187 772,00	kr 182 699,00	kr 185 848,00

Fordelinga av utbytte frå fellesfiskekortet blir gjort slik:

- 10 % av totalbeløpet fordeles likt mellom fjellstyra.
- Resten blir fordelt ut i frå fangstrapport. Altså kvar dei ulike fiskarane har rapportert at dei har fiska.

Det nye prisforslaget ein kom fram til på fellesmøte er følgande:

Vekeskort – 800 kr


Sesongkort – 1600 kr

Dette fiskekortet er ei attraktiv vare som er enkel å selje. Med dette fiskekortet vil ein ha tilgang til store område med mange gode fiskevatn på Vestvidda. Ein opplever også at mange går lengre turar frå eksempelvis Finse til Haukeliseter, og for desse er dette fiskekortet ideelt.

Som beskrive i vedlagt dokument må dei einskilte fjellstyra som er med på fellesfiskekortet vedta nye prisar kvar for seg jf §13 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre vedtek følgande nye prisar for fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest:



Vekeskort – 800 kr

Sesongkort – 1600 kr

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Diskusjon rundt ordninga med fellesfiskekortet og fordelinga av inntektene på fiskekortet.

Gjennomgang av forslag til prisauke.

Vedtak (Sak 20/25):

Røldal fjellstyre vedtek følgande nye prisar for fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest:

Vekeskort – 800 kr

Sesongkort – 1600 kr

Samrøystes.

Sak 21/25: Jegerprøvekurs

Saksdokument:


Saksutgreiing (THHT):

Røldal FS samarbeider no med Ullensvang FS og Skare 4H om å arrangere jegerprøvekurs. Difor må ein halde kurset i Odda. Intensjonen med dette samarbeidet er at ein i fellesskap skal arrangere desse kursa i åra framover.

Per 31.03 er det om lag 41 stykk som har meldt si interesse for å delta på jegerprøvekurset. I all hovudsak er dette born mellom 14 og 18 år.

Frå Røldal kan det sjå ut som om det vert om lag 8. Det er framleis mykje som er uklårt, men kurset er no godkjent i «studiekatalogen», og me kan difor byrje med bindane påmeldingar.

Røldal fjellstyre må ta stilling til kor mykje me ynskjer å leggje til rette for våre deltakarar. Underteikna har eit ynskje om at kurset ikkje skal vere noko dyrare enn det er andre stadar, helst billigare! (Prisen ser vanlegvis ut til å ligge ein stad mellom 1500 og 4000, avhengig av medlemskap, kva kursmateriell ein må kjøpe osv.) Med den løysinga me no har vald i Røldal, så må me også hugse på at det vert ein kostand med transport. Til slutt kjem kostandane til jegerprøveeksamen på 360 kr.



Kurset vert arrangert litt «rundt omkring». I all hovudsak i Odda og på Grostøl. Alle deltakarane i Odda må ha transport til Grostøl når det er aktivitet der.

Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til organisere jegerprøvekurset på ein slik måte at det vert billigast mogleg for våre utvalde. Fjellstyret skal som eit minimum dekkje transportutgiftene.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Til nå har over 40 stk meldt interesse for å delta på jegerprøvekurset, av desse er 10 frå Røldal.

Fjellstyre har søkt om midlar frå fleire hold, og avventar svar på dette.

Leiar ber om fullmakt til å organisere jegerprøvekurset, med eit ynskje om å minimum kunne dekkje transportutgiftene.

Vedtak (Sak 21/25):

Leiar får fullmakt til organisere jegerprøvekurset på ein slik måte at det vert billigast mogleg for deltakarane. Fjellstyret skal som eit minimum dekkje transportutgiftene.


Samrøystes.

Sak 22/25: Elg- og hjortejakt 2025**Saksdokument:**

- 2025.04.12-612.0-Røldal fjellstyre-Søknad om dispensasjon frå §2 og §8 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
- 2022.05.02 INN - Miljødirektoratet - Røldal fjellstyre gis dispensasjon frå _Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret fekk i 2022 dispensasjon frå Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. Vedtaket gjaldt til og med jaktåret 2024/25. Det blei og innført ei lokal forskrift om utvida jakt for elg og hjort i perioden 15. august-31. januar, blant anna for Ullensvang kommune. Denne forskrifta er gjeldande til og med jakta 2024/25: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2022-06-24-1168>



Det er per no uklårt om den lokale forskrifta vert fornya. Det som er sikkert, er at fjellstyret må søkje om ein ny dispensasjon frå «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.» Ein visar her til den førre dispensasjonen i sin heilheit.

Sakshandsamar tilrår at vidarefører dei ordningane som har vore dei siste fire åra, om ein får dei naudsynte dispensasjonane. Våre argument står framleis sterkt. Det er til informasjon, berre felt ein elg på statsallmenninga på alle desse åra. Utanom dette har det knapt vore observasjonar i jakttida. Det er altså framleis ikkje noko grunnlag for å selje separate elg- og hjorteløyver.

For elg- og hjortejakta på Røldal statsallmenning har ein dei siste åra hatt fylgjande retningslinjer:

- Jegerar med fellingsløyve på reinsdyr på Røldal Statsallmenning, kan felle hjort, elg og rådyr på den delen av Røldal Statsallmenning kor fellingsløyvet er gyldig.
- Etter reinsjakta kan innanbygdsjegerane som hadde fellingsløyve på reinsdyr felle hjort, elg og reinsdyr på heile Røldal Statsallmenning.
- Jeger pliktar seg å rapportere eventuell felling snarast til fjellstyret.
- Jeger må betale fellingsavgift i etterkant i henhold til Røldal Hjorteviltvald sine prisar.
- Jeger er ansvarlig for alle utgifter som kjem i samband med bruk av ettersøkshund.
- Røldal Fjellstyre betalar Røldal Hjorteviltvald kr 1000 i bidrag til avtale om ettersøkshund.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre søker om dispensasjon frå krava knytt til sal av jakt på elg og hjort i § 8 annet ledd, og frå krav om rimeleg fordeling mellom innanbygds- og utanbygdsbuande i § 2 annet ledd i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. Ein skal søkje om dispensasjon f.o.m. jaktåret 2025-2027 t.o.m. 2029-2030.
- Fjellstyret vidarefører retningslinjene som framkjem i saksutgreiinga, med forbehold om dispensasjonssøknaden vert innvilga. Vedtaket vert gjort gjeldande Om dispensasjonssøknaden vert innvilga, vidarefører fjellstyret retningslinjene som framkjem i saksutgreiinga. Vedtaket vert gjort gjeldande i same tidsperiode som dispensasjonen vert gjeven.

Referat:


Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Fjellstyre diskuterte prisar ved eventuelle fellingar. Einigheit om å ta betalt om lag same prisen som for villrein.

Forslag til pris ved felling av elg og hjortejakt:

Vaksen elg eller hjort: 1800 kr

Elg- eller hjortekalv: 900 kr

**Vedtak (Sak 22/25):**

- Røldal fjellstyre søker om dispensasjon frå krava knytt til sal av jakt på elg og hjort i § 8 annet ledd, og frå krav om rimeleg fordeling mellom innanbygds- og utanbygdsbuande i § 2 annet ledd i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. Ein skal søkje om dispensasjon f.o.m. jaktåret 2025-2026 t.o.m. 2029-2030.
- Fjellstyret vidarefører retningslinjene som framkjem i saksutgreiinga, med forbehold om dispensasjonssøknaden vert innvilga. Vedtaket vert gjort gjeldande i same tidsperiode som dispensasjonen vert gjeven.
- Pris ved felling av elg og hjort på Røldal statsallmenning i 2025:

Vaksen elg eller hjort: 1800 kr

Elg- eller hjortekalv: 900 kr

Samrøystes.